

Referat frå rådsmøte 25. januar 2011.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Bjørn Nome, Olav Urbø, Solveig S. Abrahamsen, Torstein Tveito, Arne Vinje, Sverre Sæther, Ketil Kiland, Therese Hauger, Per Dehli, Hans Bakke, Hans Kristian Lehmann og regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggnes.

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 01/2011 Referat frå rådsmøte 30. november 2010

I samband med *sak 73/2010 Overordna lokaliseringsplan og felles tiltaksplan* etterlyste Olav Urbø eit meir oppsummerande notat.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 30. november 2010 vert godkjent utan merknader.

Sak 02/2011 Skjønnsmidlar 2011, forslag til disponering

I brev frå Fylkesmannen datert 12. januar 2011 er kommuneregionane invitert til å søkje om skjønnsmiddel til fornyings- og omstillingstiltak.

Frå nedsett arbeidsgruppe låg det føre tilråding i saken og fylgjande 5 prosjekt var føreslege som aktuelle prosjekt å søkje midlar til:

- 3-årig utviklingsprosjekt innafor landbruk med utgangpunkt i landbruksplanen
- Innføring av Feide i skulen
- Utarbeiding og iverksetjing av ny IKT-strategi
- Gatsoft/Profil – Opplæring og optimalisert bruk i pleie/omsorg
- Digital fornying i Vest-Telemark

Etter nærare orientering om dei ulike prosjekta vart det gjort fylgjande

vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til prosjekt, og gjev regionrådsleiar i oppdrag å søkje om skjønnsmidlar til desse.

Sak 03/2011 Arbeidsprogram 2010 – 2011, rapport pr. februar 2011

Det låg føre forslag til rapport pr. februar 2011 gjeldande arbeidsprogrammet for 2010 – 2011.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til rapport pr. februar 2011.

Rapporten leggjast fram for Vest-Telemarktinget til endeleg godkjenning.

Godkjent rapport vert å utføre i ei betre grafisk form med tanke på utsending til kommunane, media og andre.

Sak 04/2011 Formalisering av Vest-Telemarkrådet som § 27 – selskap

På bakgrunn av tidlegare vedtak om å formalisere Vest-Telemarkrådet som § 27 - selskap låg det føre forslag til nye vedtekter utarbeidd av rådmannsutvalet. Etter nærare drøfting vart det gjort slikt vedtak:

Ein vedtek at Vest-Telemarkrådet vert å formalisere som § 27- selskap og godkjenner det framlagte forslaget til vedtekter inkludert endringane i §14 andre ledd som føreslege i notat frå regionrådsleiar.

Forslaget vert å legge fram for handsaming i kvar enkelt kommune med tanke på endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget.

Sak 05/2011 Vidare organisering av regionsamarbeidet i Vest-Telemark

I møte i Vest-Telemarkrådet 16. mars 2011 fekk rådmannsutvalet i oppdrag å utarbeide 2-3 alternativ til bemanning av det vidare regionsamarbeidet samt organisering av dette. Til rådsmøtet 25. januar låg det føre notat frå utvalet med 2 ulike forslag til organisering. Haldor Kaasin og Ole Dalen frå Vest-Telemark Næringsutvikling orienterte innleiingsvis om selskapets organisering, aktivitet og vidare planer.

Hans Kristian Lehmann og Hans Bakke orienterte nærare om dei 2 framlagte forslaga og regionrådsleiar fekk høve til å legge fram sitt syn i saken.

Etter nærare drøfting vart det gjort fylgjande vedtak:

1. *Som grunnlag for eit vedtak om framtidig organisering av VTNU, ønskjer Vest-Telemarkrådet ei utgreiing av kva følgjer ulike modellar må reknast å få, særleg når det gjeld:*
 - eksisterande organisasjon og kompetansmiljø
 - samordninga mellom regionalt og kommunalt næringsarbeid
 - finansiering og økonomi
2. *Arbeidsutvalet har ansvaret for å få utført konsekvensutgreiinga. Ein kan nytte ekstern hjelp. Utgreiinga skal leggjast fram for Rådet våren 2011.*

Sak 06/2011 Forslag til budsjett 2011 for Vest-Telemarkrådet

Etter vedtak i Telemark fylkesting 20. oktober 2010 samt vedtak i Fellesfondet 30. november 2010 om finansiering av det regionale samarbeidet, låg det føre forslag til budsjett 2011 for Vest-Telemarkrådet. Olav Urbø la på møtet fram eit budsjettforslag med nokre endringar i høve til det utsendte forslaget.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det alternative forslaget til budsjett for 2011 slik det er framlagt på møtet. Budsjettet vert å legge fram for Vest-Telemarktinget til endeleg godkjenning.

Sak 07/2011 Ny politistruktur i Vest-Telemark, forslag til felles uttale

I rådsmøte 14. september 2010 låg det føre rapport om ny politistruktur med forslag til samlokalisering av lensmannskontor i Vest-Telemark. I seinare rådsmøte fekk regionordførar i oppdrag å lage felles uttale frå regionen. Til møtet 25. januar låg det føre saksførebuing med forslag til felles uttale og grunngjevnad for denne.

I drøftingane av saken viste Solveig S. Abrahamsen til vedtektenes § 11 om avstemming og vetorett og fremma forslag om saken ikkje skal handsamast i Rådet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet utset saken slik at høyringane frå dei ulike kommunane ligg føre. Arbeidsutvalet skal vurdere om det er grunnlag for mogleg felles uttale, og om uttalene frå dei enkelte kommunane skal takast inn i denne. Av omsyn til høyringsfristen takast saken opp til vidare handsaming i samband med møtet i Tinget 29. mars.

Sak 08/2011 Vest-Telemark Næringsbygg, søknad om eigenkapitalinnskott i Vest-Telemark Invest AS

Det låg føre brev av 29. november 2010 adressert både til Fellesfondet og Vest-Telemarkrådet der Vest-Telemark Næringsbygg søkjer om eit eigenkapitalinnskott på 3mill. kroner til investeringselskapet Vest-Telemark Invest AS.

Vedtak: Søknaden vert å avslå med grunngjevnad at grunnfondsmidlane ikkje er søkbare. Vest-Telemarkrådet inviterer styreleiar og dagleg leiar i Vest-Telemark Næringsbygg til nærare drøfting i komande rådsmøte.

Sak 09/2011 Ulike møte med Stortinget

Møte med Telemarksbenken 18. januar.

Regionordførar orienterte om møtet på Stortinget der Telemarksbenken var representert med 5 av dei 6 representantane. VTR og MTR var representert både politisk og administrativt og i tillegg deltok fylkesvaraordførar. Det vart frå dei 2 regionane halde fram at det er semje om prioriteringane i Telemark.

Komande befaringar:

Transportkomitéens befaring i Aust-Agder og Telemark 9. -11. mai og Telemarksbenkens befaring av E134 Haukelifjell 9. mai.

Telemark arbeider for at Transportkomitéen skal reise langs Rv 41 for å få informasjon om utfordringane langs denne vegen.

Sak 10/2011 Orienteringssaker

SIVA Næringshage, orientering v/Telemark fylkeskommune og repr. for SIVA

Ole Andreas Scharer frå SIVA var tilstades saman med Jon Skriubakken frå Telemark fylkeskommune.

Fylkeskommunane har fått ei utvida rolle i samband med etablering av SIVA næringshagar. Ein SIVA næringshage bør vera organisert som aksjeselskap med minst 51 % privat eigarskap og det er ynskjeleg at initiativet kjem nedanfrå næringslivet.

Telemark bør ha 2 kraftige miljø og etablerertenesten bør vera kopla opp om ikkje nødvendigvis fysisk.

Jon Skriubakken orienterte frå det pågåande arbeidet med dei 2 regionale planane som snart skal ut på høyring. Av orienteringa gjekk det også fram at fylkeskommunen ynskjer å få SIVA sterkare inn i Telemark.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Samhandlingsreformen, status v/Sissel Bitustøyl

Samhandlingsreformen har 3 satsingsområde:

- kompetanseutvikling rekruttering og kompetansedeling
- Kompetanseoverføring – bygge opp kompetansepakker. Organisatoriske og systemmessige grep
- Systematisk informasjonsutveksling

I orienteringa vart det mellom anna stilt spørsmål om det skal byggast eit distriktsmedisinsk senter i Vest-Telemark. Alternativet er forsterka sjukeheimar i kommunane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og gjev honnør til prosjektleiar for å ha kome langt i arbeidet.

Møte i Kontaktgruppa 13. januar v/K.G. Heggnes

Regionrådsleiar orienterte kort frå eit møte i kontaktgruppa hjå Fylkesmannen. Satsinga blir i 2011 vidareført innafør områda småfe, eggeproduksjon, rekruttering/økonomisk rådgjeving og ”gardens samla ressursar”.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Møte i vannregionutvalget, region Agder 20. januar v/Olav Bjørn Bakken

Olav Bjørn Bakken tok utgangspunkt i at dette er ein del av ein EU-prosess der det er gjeve rammedirektiv. Vassforskrifta vart innført i Noreg 1. jan 2007 og arbeidet går i planperiodar på 6 år. Noreg er inndelt i 11 vassregionar og organiseringa i Agder er noko annleis enn i dei andre regionane.

Planarbeidet er ikkje fullfinansiert, og ein må pårekne eigne midlar i storleik kr. 30 000 – 50 000 pr kommune pr. vassområde pr. år (gjeld for det meste utløysing av arbeidskraft i kommunane)

Kommunane må oppnemne medlemmer av vassområdeutval (ordførar) pluss ein administrativ kontaktperson

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Som regionen sin representant til vassregionutvalet Vannregion Agder vel Vest-Telemarkrådet Anne-Nora Oma Dahle.

Refusjon pasientreiser.

Regionrådsleiar orienterte kort frå eit skriv frå *Pasientreiser*, som er helseforetakas senter for pasientreiser. Det vert mellom anna vist til at NAV ikkje lenger har høve til å hjelpe pasientane med utfyllinga av reiserekningskjema. Det er lagt til rette for hjelp i form av skriftleg informasjon i samband med skjema og ved telefonisk hjelp. For dei som ikkje klarer å fylle ut skjemaet vert det vist til mogleg hjelp frå ledsager, familie eller mogleg andre omsorgspersonar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 11/2011 Ymse.

Ingen saker.

Referent: Kjell Gunnar Heggnes